

Program for årsmøte gjeldande for 2025

Moster Indremisjon

Sakliste, årsmeldingar, rekneskap, val



«Vi vil byggja varme, inkluderande fellesskap,
vinna nye for Jesus og gjera dei til hans disiplar!»

Årsmøtet vert halde Torsdag 20.02.2025 kl. 19:00 i Salem bedehus
Velkomst

Andaktsord v/Ove Johan Borgemyr

Innhold

| | |
|-----------------------------------------------------------------|----------------------------------|
| Sakliste for årsmøtet i Moster Indremisjon | 3 |
| Årsmelding 2024 for Moster Indremisjon, sak 4..... | 4 |
| STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2024..... | 4 |
| ÅRSMELDING FOR AKTIV..... | 7 |
| ÅRSMELDING FOR SØNDAGSSKULEN PÅ SALEM | 8 |
| ÅRSMELDING FOR «BIBEL, MAT OG PRAT»..... | Feil! Bokmerke er ikke definert. |
| ÅRSMELDING FOR BØNNEMØTA..... | 8 |
| ÅRSMELDING FOR ETTERMIDDAGSTREFFA | 9 |
| ÅRSMELDING FOR MYLDREDAG | 10 |
| ÅRSMELDING FRÅ LOVSANGSTEAMET..... | 11 |
| Rekneskap for 2024 og budsjett 2025, sak 5 & 6 | 12 |
| Resultatrekneskap 2024 med budsjett 2025 | 12 |
| Noter og kommentarar til rekneskap og budsjett | 14 |
| Balanse 2024 | Feil! Bokmerke er ikke definert. |
| Revisorane si godkjenning..... | 16 |
| Framlegg om kandidatar til val på årsmøtet, Sak 9 | 17 |

Sakliste for årsmøtet i Moster Indremisjon

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste

Sak 2 Val av møteleiar

Styret gjer framlegg om Knut Fauskanger som møteleiar

Sak 3 Val av referent

Styret gjer framlegg om at Christian Kallevåg-Bjerke blir valt som referent.

Sak 4 Godkjenning av årsmelding for 2024

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2024 (Vedlagt).

Sak 5 Godkjenning av Rekneskapen for 2024

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2024 (Vedlagt).

Sak 6 Godkjenning av Budsjett for 2025

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjett for 2025 (Vedlagt)

Sak 7 Val av Formann for 1 år

Framlegg frå valnemnda:

Framlegg til vedtak:

Sak 8 Val av Styremedlemmer og Varamedlemmer

Valnemnda presenterer framlegg til kandidatar (sjå Vedlegg)

Sak 9 Val av revisorar

Styret gjer framlegg om val av desse som revisorar for 2025:

Hans Ola Røksund (attval) & Hans Magne Nesse Stokka (attval)

Framlegg til vedtak: Desse vert valde til revisorar

Sak 10 Val av valnemnd for 2025

Styret sitt framlegg:

Ivar Ingvaldsen , Tordis Østebø Thuestad og Oddgeir Esperø (attval)

Framlegg til vedtak: Valnemnd vert valde i tråd med framlegg. Oddgeir kallar inn valnemnda.

Sak 11 Samtale om arbeidet

Sak 12 Eventuelt

Årsmelding 2024 for Moster Indremisjon, sak 4

STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2024

Jesus Kristus er i går og i dag den samme, ja, til evig tid. Hebreerne 13.8

Styret sitt arbeid

Våren 2024 vart prega av forberedelsar til 2024 jubileet på Moster. Mange var engasjert i gjennomføringa av jubileet og det prega også litt aktiviteten på bedehuset. Me har bl.a. fått bekrefta at bedehuset vårt kan brukast til offentleg jubileumsmiddag for Kronprinspar og Statsminister. Ca, 200 stk. blei servert på Salem denne dagen. Salem var med i den felleskristne komiteen som hadde ansvar for gudstjenesta i amfiet 1.pinsedag samt fleire av arrangementa under jubileumsveka.



Me har hatt fast, enten søndagssamling på formiddagen eller søndagsmøter på kvelden, gjennom heile året. Me har også hatt nokon møter der me ikkje har hatt talar. Desse har kalla samtalekveld og har inneholdt ulike bibelske temaer som me har samtala om i grupper. Dette vert det meir av. Ein gong i månaden er det ettermiddagstreff. Kvar onsdag er det bønne møte. Me har hatt påskevandring, konfirmantfest, haustmesse og julefest. Kvar 6.søndag har me ansvar for andakt på servicesenteret. Me har ikkje hatt eit fullt styre i 2024 og det gjer at det vert litt mykje arbeid på dei som er i styret. Me opplever at det er vanskelegare å få engasjert folk. Me har bl.a. ikkje arrangert Connect og Herrenes aften.

Me har hausten 2024 hatt «Jesus er.....» som tema og me fortset med det også våren 2025. Me har eit ynskje om at forsamlingen vår skal bli ennå betre kjent med Jesus.

Mange er engasjerte og me er takksame for alt arbeid som blir lagt ned på Salem.

Frå Årsmøte Torsdag 15.februar 2024 - Valresultat

Knut Fauskanger, styreleiar

Jakob Andre Vedøy, nestleiar

Ingvill Aase Manangi, styremedlem & sekretær

Mari Sivertsen, styremedlem

Christian Kallevåg Bjercke, styremedlem

Serina Nøstbakken, styremedlem

Første vara:

Andre vara:

Tredje vara:

Serina gjekk ut av styret sommaren 2024 då ho flytta.

Ane og Petter Michaelsen gjekk inn som

varamedlemmer frå hausten 2024

Møter og talarar

Egil Morland NLA, Marit Ådnanes IMS, Lise Marie Litlabø IMS, Ola Malvin Lomheim IMS/NLM, Tor Espen Kristensen IMS, Lars Egil Fredriksen Lys over land, Aksel Lygre, Øyvind Solheim NLM, Håkon C.Hartveit, Erik Stensland IMS, Geirr Standal Sion, Georg Mork NLM, Klaus Muff, Svein Helge Torsteinsbø, Kjetil Fyllingen, Gunnvald Bjotveit, Preben Colstrup, Preben Solvang og Marius Økland. Nokon av talarane har vore hos oss fleire gonger.

Brandøy

20.-22. September reiste me til Brandøy. Ein komitè beståande av Ingvil Aase Manangi, Gunhild Ingvaldsen, Siv Irene Evjen og Elisabet Esperø leia arbeidet med programmet. Åstrid Gloppestad Aase var med og bidrog med familieandaktar og kveldssamlingar for vaksne. Ca 40 personar var med på leiren, halvparten barn og halvparten vaksne. Det at me reiser saman som forsamling er viktig for både store og små. Målet er at ein skal få åndeleg påfyll, kvilepuls, knytte sosiale band og skape gode minner. Programmet for leiren består av familiemøter og samlingar fordelt etter alder. Ein har hobby- og aktivitetsgrupper, tur i fjellet for dei som vil det. Team building, kiosk, leirfest og rom for kvilepuls og sosialt samvær.

Møtehelger

I 2024 blei det ikkje noko felles møtehelg saman med Sion. Dette p.g.a.planlegging av 2024 jubileet.

Bønnekonferanse

For andre år på rad var vi med å arrangere bønnekonferanse saman med Sion, Klippen, Kristent fellesskap og kyrkja på Bømlo. Det vart arrangert møter i dei ulike forsamlingane 25-29/9 og me hadde møte på Salem på laurdagskvelden. Mykje folk møtte opp. Målet er at denne konferansen kan vera med å bidra til fornying av dei kristne på Bømlo og hjelpe oss til å nå nye med evangeliet. Det er godt å sjå at me kan samarbeida på tvers av forsamlingane. På laurdagskvelden på Salem hadde me invitert leddarar frå alt av kristent ungdomsarbeid på Bømlo. Dei fekk presentera seg og det dei driv med. Etterpå hadde me forbønn for dei. Me har eit håp om at laurdagskvelden kan bli for ungdommane frå no av. Geirr Standal og Geir Johannesen tala på møta. Det var også bønnemøte på formiddagane. Det vert ny bønnekonferanse 24-28/9 2025. Me byttar namn til Bønn og lovsangsveke. Egil Elling Ellingsen og Geirr Standal vert talarar

2024 Felleskristen komitè

Salem var med i den felleskristne komiteen som var medarrangør på diverse arrangement i forbindelse med feiringa av kristenretten 2024. Me var med på å arrangere pinsegudstjenesta i amfiet 1.pinsedag. Under jubileet hadde den felleskristne komiteen ansvar for «På grensa til lovsang», «Live med venner» på Sion og «Himmelske tonar.»

Barne- og ungdomsarbeid

AKTIV , Bibel, Mat og Prat, Myldredag og Søndagsskulen har eigne årsmeldingar nedanfor.

Haustmessa

Haustmessa i år hadde me den 9/11. Mykje folk var engasjert og mange flotte ting vart laga og gitt til Salem. Me samla inn ca.230.000,- på denne haustmessa.

Julekonsert

7.desember arrangerte me julekonsert saman med Sion. Synnøve Aanensen med band var hos oss. Barnekoret kongebarna var også med.

Julefest

29.desember hadde me igjen julefest. Tore Alvsvåg leia festen og hadde med seg 3 gjester for samtale på scenen. Det blei veldig fint. Bevertningskomiteen hadde laga god mat og pynta fint. Ove Johan Borgemyr hadde laga quiz og Juletregang hadde me til slutt.

Tilsette

Ane Michaelsen 20% fram til 1.november. Administrativ stilling.
Serina Nøstbakken 10% fram til 1.juni. Barnearbeidet.
Petter Michaelsen Song og musikk og teknikk. Ikkje noko fast %stilling.

SunnBok

Me medeigar i Sunnbok. Me vil anbefala alle å nytta Sunnbok. Der finn ein mykje god kristen litteratur pluss ein del andre ting.

Vedlikehald og investeringar

Våren 2024 hadde me vår vanlege vaske/vedlikehaldsdugnad. Mykje godt arbeid vart gjort.

Økonomi

Rekneskapan for 2024 er revidert og godkjent av dei valde revisorane.

Takk

Styret vil også i år takke alle i forsamlinga for frivillig innsats på dei ulike felt og for gåver som er gitt. Salem er heilt avhengig av det frivillige engasjementet som de syner. Styret ønskjer alle Guds rike velsigning!

Mosterhamn, 03.02.2025

Knut Fauskanger Jakob Andre Vedøy Ingvil Aase Manangi Mari Høston Sivertsen
- Styreleiar - - Nestleiar - - Styremedlem/Sekretær - - Styremedlem -

Christian Kallevåg-Bjerke Ane Michaelsen Petter Michaelsen
- Styremedlem - - Varamedlem - - Varamedlem -

ÅRSMELDING FOR AKTIV og Bibel, mat og prat

ÅRSMELDING FOR AKTIV 2024

Aktiv er eit tilbod for ungdom frå 8. klasse og oppover med samlingar laurdag klokka 2030. I 2024 hadde me til saman 17 møte. Frammøtet gjennom vårsemesteret låg på mellom 10 og 30 ungdommar. Etter sommaren var oppmøtet noko mindre med mellom 5 og 15 ungdommar.

Eit vanleg møte startar med andakt og felles leikar eller konkurransar. Etter dette har me open kiosk med sal av is, brus og ulike søtsaker. Me har og fleire ulike spel, blant anna bordtennis, biljard og Playstation.

Leiarar: Aksel Lygre, Bjarte Stølen, Kristine Borgemyr, Ove Johan Borgemyr

Styret 2024: Aktiv hadde ikkje eit fungerande styre i 2024.

Andakt: Leiarane hadde mange av andaktane i 2024, men me inviterte også andaktshaldarar utanfrå. Eirik Steensland frå IMS besøkte oss blant anna fire laurdagar. Kristoffer Georg Aase frå NLM, Serina Nøstbakken og Kristine Særsten hadde også andakt. I midten av oktober sette me opp transport til Leirvik bedehus og Pitstop, men det var dessverre ingen av ungdommane som møtte opp.

Oppmøtet i første del av 2024 var bra, men etter sommarferien mista me dei eldste ungdommane, dei som no går på vidaregåande skule. Nokre nye 8. klassingar begynte i august, men frammøtet var likevel ein del mindre i andre halvdel av året.

Me har inntrykk av at ungdommane likar seg og har det kjekt på Aktiv. Me tenkjer framleis på om me kunne ha gjort ungdomssalen noko lunare og koselegare enn han er i dag, men me manglar kapasitet per i dag både til å planleggja og gjennomføra dette. Truleg hadde det også vore ein fordel om me kunne ha Aktiv fast kvar laurdag, men dette vil krevja fleire vaksenleiarar enn me er i dag.

Ove Johan Borgemyr

BIBEL, MAT OG PRAT

Gruppa for vidaregåande skule består av to gutar og ein leiar, og samlingane våre har eit fast mønster. Først et me deilige bollar og pratar om laust og fast i om lag ein halv time. Deretter les me eit kapittel frå Bibelen før me avsluttar med bøn. I 2024 møttest me annankvar sundag fram til sommarferien. Etter sommaren vart gruppa lagt ned fordi gutane flytta.

Ove Johan Borgemyr

ÅRSMELDING FOR SØNDAGSSKULEN PÅ SALEM

Annakvar søndag er det søndagssamling på Salem kl. 11.00. Me som skal på søndagsskulen startar oppe på møtet i lag med dei andre med opning, bøn, song og skattekiste. Ca. kl. 11.30 går borna ned i kjellaren for å fortsetje med søndagsskulen. Nokre av borna møter direkte i kjellaren kl. 11.30. Søndagsskulen varer til møtet oppe er slutt, ca. kl. 12.30.

Det har stort sett vore søndagsskule kvar gong det har vore søndagssamling. Nokre få gonger har det vore familiemøte, då deltok me på dette i staden for å ha eiga søndagsskulesamling. På våren hadde me Sprell levande-fest med mange gøyale leikar. Festen vart avslutta saman med dei vaksne, der me åt pølse i brød og hadde is til dessert. Ein kjekk tradisjon 😊

Søndagsskulen er delt inn i to grupper:

- Ca. 3 år – 3. klasse
- 4. klasse - 7. klasse

Me er medlem av Søndagsskolen Norge og brukar undervisningsopplegget Sprell levande på samlingane våre.

Kvar søndagsskule samlar me inn kollekt til Stefanus alliansen.

Oppmøte på søndagsskulen er bra. På den minste gruppa brukar det å vere ca. 15 born og på den store gruppa er det ca. 10 born på samlingane. Tala for betalande medlemmar er mykje lågare, då me er lite flinke til å reklamere for moglegheita til å vere medlem i søndagsskulen.

Leiarar dette året har vore: Helga Stokka (våren 2024), Ann Iren Skjøtskift Dahl, Solfrid Fauskanger Pedersen, Adelheid Isdal Stokka, Bjarne Notland og Camilla Rubach. I tillegg har me fått med oss nokre flinke medhjelparar; Helena Hallaråker (hausten 2024), Anine Dahl (hausten 2024), Hermine Alvsvåg (hausten 2024) og Leah Solås (hausten 2024). Me vert alltid glad for nye medhjelparar og du er velkomen til å vere med.

Mosterhamn 26.01.25
For søndagsskulen
Camilla Rubach

ÅRSMELDING FOR BØNNEMØTA

Salem er eit fellesskap der vaksne, unge og barn søkjer saman for å styrke kvarandre i trua på Jesus. Dette skjedde også i den første kristne tida, slik vi les det i Ap. gj. 2,42:

Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbrytinga og bønene.

Ved sida av Ordet og nattverden står det at apostlane heldt seg trufast til bønene. Også gjennom 2024 har det blitt tillyst bønne møte kvar onsdag kveld i Salem. Ei gruppe på 6 – 8 trufaste eldre kjem saman til bibellesing, samtale, bønn for det kristne arbeidet og til forbønn for sjuke og andre som har

det vanskeleg. Vi har fortsatt tru på løfteordet i Fil. 4,5, som vi minna om i årsmeldinga for 2023: *Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing. 7 Og Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus.*

Det er ei uro blant oss i bønnetøtet sidan vi på grunn av sjukdom og alder er blitt så få som kjem saman til desse møta, og vi er usikre på kor lenge gruppa kan fungere. Derfor er det eit bønneemne for forsamlinga i Salem at bønnetenesta må få halde fram.

Arne Borgemyr
Kontakt for bønnetøta

ÅRSMELDING FOR ETTERMIDDAGSTREFFA

Ettermiddagstreffa har gått som vanleg også siste året. Vi har fast tredje torsdag i mnd. ,januar, februar, mars, april, sept, oktober, november. Det er ein nokså fast flokk som går, med litt variasjon mellom 20 og 30 personar. Det har minka litt dei siste to åra. Dette skyldes nok at fleire er blitt eldre og ikkje lenger så mobile som før.

Potensialet er mykje større då dette er ope for alle. Før kalla, vi det for «Vi over 60», men gjekk bort frå det slik at det ikkje skulle hindre nokon å koma. Vi vil oppfordre alle, ikkje minst pensjonistar til å koma. Opplegget er enkelt og sosialt, med kaffi og god prat, andakt, song/musikk, utlodning og av og til litt for smilebåndet. Tidspunktet er kl.16,30 – 18,15. Andaktshaldarar har vore: Arne Borgemyr, Trygve Eiken, Olav Eikemo, Håkon C Hartveit, Kørner Høie, Aksel Lygre, Klaus Muff, Sølvi og Dagfin Heimestøl

Dei som har vore med i arr.komiteen: Jette Marie, Bjarne Steinsund, Åslaug Totland, Johanna Johanessen, BirgerPedersen/Geir Peder Grønås, Toralf Steinsland

Toralf Steinsland

ÅRSMELDING FOR MYLDREDAG

Myldredag vår 2024

Generell info:

Myldredag hadde oppstart 31. Januar 2024 og avslutning 24. April. Det var totalt 11 samlingar dette semesteret. Det var mellom 20-60 barn kvar gong. Nokon kom med foreldre eller besteforeldre, andre barn kom aleine. Det er både medlemmer av Salem og ikkje medlemmer som deltar på Myldredagen.

Ansvarleg for semesteret var Serina Nøstbakken.

Frivillige og organisering:

Myldredagen består av frivillige som var fordelt på fire kjøkkengrupper, småsang, ei hobbygruppe, ei idrettsgruppe, innkjøpsansvarleg og andaktshaldar.

Myldredagen starta med middag der det er rulling mellom dei fire kjøkkengruppene. Kvar gruppe har fire personar som har ansvar for middag og tar i mot betaling. Vigdis Kippersund gjorde alle innkjøp. Småsang, leia av Berit Fauskanger starta rett etter middagen. Dette er aktivitet for dei mellom 3-6 år. Serina Nøstbakken hadde ein kort andakt kvar gong før aktivitetane for skulebarna. Etter andakt gjekk barna til den aktiviteten dei ville delta på. Aktivitetsgruppene var sjølvstyrte der dei bestemte aktivitet og stod for eventuelle innkjøp. Hobbygruppa vart leda av Ingvil Aase Manangi og Gunhild Ingvaldsen. Idrettsgruppa vart leia av Petter Michaelsen.

Myldredag vart avslutta med ein vårfest.

Myldredag haust 2024

Generell info:

Myldredag hadde oppstart 11. September og avslutning 13. november. Det var 10 samlingar dette semesteret inkl. Hallovenn. Det var mellom 10 og 40 barn kvar gong. Hallovenn hadde rundt 80 barn. Nokre barn kom med vaksen, andre kom aleine. Det er både medlemmar av Salem og ikkje medlemmer som deltar på Myldredag.

Ansvarleg for semesteret: Ane Michaelsen og Ingvil Aase Manangi

Frivillige og organisering:

Myldredag består av frivillige som er fordelt på fire kjøkkengrupper, småsang, andaksthaldar, Spelegruppe og hobbygruppe.

Myldredagen starta med middag der det er rulling mellom dei fire kjøkkengruppene. Kvar kjøkkengruppe har fire personar som har ansvar for middag og tar i mot betaling. Gruppene gjorde innkjøpa sjølv dette semesteret. Småsang, leia av Berit Fauskanger starta rett etter middagen. Dette er aktivitet for dei mellom 3-6 år. Det var ein kort andakt kvar gong før aktivitetane starta for skulebarna. Det var forskjellige andaktshaldara kvar gong. Etter andakt gjekk barna til den aktiviteten

dei ville delta på. Aktivitetsgruppene var sjølvstyrte der dei bestemte aktivitet og stod for eventuelle innkjøp. Andakt og aktivitet vart gjennomført på undomsrommet og buldrerrommet. Nokre gongar var hobbygruppa på kjøkkenet. Foreldre vart oppfordra til bli igjen på ungdomsrommet, for å gjer aktivitetane saman med barna eller ha ei sosial sone for dei vaksne.

Ane og Petter Michalsen hadde ansvar for spelegruppa, Ingvil Aase Manangi og Gunhild Ingvaldsen hadde ansvar for hobbygruppa.

ÅRSMELDING FRÅ LOVSANGSTEAMET

I løpet av året har lovsangsarbeidet i Salem vokst betydelig, og vi har sett flere positive endringer.

Det har vært positive tilskudd av unge musikere, som har tilført ny energi til våre samlinger. Vårt nye lovsangsteam, Prekestolens Pop-Pirater (PPP), har bidratt med flere vellykkede opptredener på søndagssamlinger.

Utfordringen med å tiltrekke flere sangere står vi fortsatt overfor, og vi ønsker å fortsette arbeidet med å få med enda flere musikere, både unge og mindre unge.

Petter har jobbet videre med å utvikle kompetansen hos våre musikere gjennom samspillsøving og individuell opplæring. Det er også holdt flere workshops med forskjellige tema innenfor lydteknikk.

På det tekniske planet har vi installert ny scenebelysning som har forbedret lyssettingen på scenen, og det oppgraderte trommesettet har vært en klar forbedring som nå også blir nyttet på konserter med profesjonelle musikere.

Et viktig nytt tilskudd dette året har vært på lydteknikerfronten. Vi har begynt å operere med to lydteknikere på søndagssamlinger, spesielt når vi har mange musikere på scenen. Dette har bidratt til å styrke både interessen og kompetansen blant lydteknikerne. Det er tydelig at denne investeringen i menneskelige ressurser har gitt en betydelig forbedring i lyd kvaliteten på våre arrangementer.

Vi ser frem til å bygge videre på disse fremskrittene og utvikle lovsangsarbeidet enda mer i det kommende året.

Takk for alle som har vært med på å løfte lovsangsarbeidet i Salem Menighet i 2024.

Petter

Rekneskap for 2024 og budsjett 2025, sak 5 & 6

Resultatrekneskap 2024 med budsjett 2025

| | Res-2023 | Bud-2024 | Res-2024 | Bud-2025 | Note |
|-------------------------------------|----------------------|----------------------|--------------------|----------------------|------|
| INNTEKTER | | | | | |
| 3130 Haustmesse | -219 936,67 | -250 000,00 | -239 984,44 | -250 000,00 | |
| 3131 Hallovenn | -9 667,70 | -20 000,00 | -5 015,54 | -10 000,00 | |
| 3132 Myldredag | -13 977,54 | -30 000,00 | -21 674,80 | -25 000,00 | |
| 3133 Herrenes Aften | -30 516,61 | -30 000,00 | 0,00 | -30 000,00 | |
| 3136 Connect | -31 141,27 | -30 000,00 | 0,00 | -30 000,00 | |
| 3137 Konsert | -4 273,87 | -10 000,00 | -7 810,87 | -15 000,00 | |
| 3140 Medlemskontingent | -11 200,29 | -15 000,00 | -12 370,59 | -15 000,00 | |
| 3210 Givertjeneste | -576 950,00 | -620 000,00 | -512 531,82 | -535 000,00 | * |
| 3220 Gaver Salem | -14 581,12 | -3 000,00 | -1 000,00 | 0,00 | |
| 3230 Strømstøtte | -10 116,00 | -15 000,00 | -3 177,00 | -10 000,00 | * |
| 3240 Støtte/Utbytte | -14 533,40 | -15 000,00 | -20 236,00 | -30 000,00 | * |
| 3241 Merverdiavgiftkomp. | -73 218,00 | -80 000,00 | -73 995,00 | -70 000,00 | * |
| 3245 Grasrotandelen | -9 522,24 | -10 000,00 | -11 811,98 | -10 000,00 | |
| 3600 Utleie | -44 400,00 | -50 000,00 | -78 582,50 | -60 000,00 | |
| SUM INNTEKTER | -1 064 034,71 | -1 178 000,00 | -988 190,54 | -1 090 000,00 | |
| KOLLEKTER | | | | | |
| 3905 Kollekt Salem | -46 834,61 | -40 000,00 | -63 177,51 | -40 000,00 | * |
| 3910 Kollekt Indremisjonssamskipnad | -39 844,59 | -40 000,00 | -24 461,35 | -40 000,00 | |
| 3930 Kollekt andre | -120 491,29 | -115 000,00 | -97 964,40 | -115 000,00 | * |
| SUM KOLLEKTER | -207 170,49 | -195 000,00 | -185 603,26 | -195 000,00 | |
| OVERFØRTE KOLLEKTER | | | | | |
| 4210 Overført Indremisjonssamskipna | 41 641,00 | 50 000,00 | 26 295,00 | 50 000,00 | |
| 4230 Overført andre | 136 055,00 | 115 000,00 | 100 275,00 | 115 000,00 | |
| 4235 Foredragsholdere | 1 000,00 | 10 000,00 | 0,00 | 10 000,00 | |
| SUM OVERFØRTE KOLLEKTER | 178 696,00 | 175 000,00 | 126 570,00 | 175 000,00 | |
| LØNSKOSTNADER | | | | | |
| 5010 Lønn ansatte | 322 177,65 | 300 000,00 | 177 787,74 | 165 000,00 | * |
| SUM FORSAMLINGSLEDER | 322 177,65 | 300 000,00 | 177 787,74 | 165 000,00 | |

| | Res-2023 | Bud-2024 | Res-2024 | Bud-2025 | Note |
|-------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|------|
| DRIFTSKOSTNAD | | | | | |
| 6200 Elektrisitet | 85 579,88 | 90 000,00 | 65 855,81 | 70 000,00 | |
| 6300 Kommunale avgifter | 12 655,20 | 14 000,00 | 13 262,75 | 14 000,00 | |
| 6320 Brannvern | 38 762,82 | 40 000,00 | 54 410,64 | 57 000,00 | * |
| 6540 Inventar | 347,00 | 10 000,00 | 2 397,90 | 10 000,00 | |
| 6550 Maskiner | 33 997,13 | 40 000,00 | 0,00 | 20 000,00 | * |
| 6560 Lyd/Bilde | 32 048,00 | 30 000,00 | 36 603,00 | 30 000,00 | |
| 6565 Kopimaskin | 7 607,80 | 8 000,00 | 8 269,77 | 9 000,00 | |
| 6570 Utomhus arbeider | 0,00 | 5 000,00 | 998,40 | 5 000,00 | |
| 6600 Vedlikehold | 0,00 | 20 000,00 | 0,00 | 20 000,00 | |
| 6700 Programvare | 2 793,83 | 2 000,00 | 2 815,59 | 6 000,00 | |
| 6800 Kontorrekvisita | 0,00 | 2 000,00 | 0,00 | 0,00 | |
| 6820 Trykksak | 0,00 | 2 000,00 | 0,00 | 0,00 | |
| 6900 Telefon, porto, kopiering | 0,00 | 2 000,00 | 0,00 | 0,00 | |
| 6910 Bredband, web | 16 014,92 | 18 000,00 | 17 203,93 | 18 000,00 | |
| 7320 Moteannonsering | 16 717,70 | 15 000,00 | 15 488,40 | 15 000,00 | |
| 7321 Annonsering forsamlingsleiar | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | |
| 7350 Moster 2024 | 2 500,00 | 5 000,00 | 10 000,00 | 0,00 | |
| 7351 Hallovenn | 9 045,00 | 20 000,00 | 8 640,40 | 10 000,00 | |
| 7353 Myldredag | 8 754,40 | 20 000,00 | 17 600,34 | 20 000,00 | |
| 7354 Utgift givertjeneste | 6 053,00 | 6 000,00 | 5 772,00 | 6 000,00 | |
| 7355 Mat og annet forbruksmaterieil | 46 165,58 | 45 000,00 | 37 089,00 | 40 000,00 | |
| 7356 Blomster | 2 091,20 | 3 000,00 | 1 733,98 | 2 000,00 | |
| 7357 Søtt og Salt | 4 245,60 | 5 000,00 | 0,00 | 5 000,00 | |
| 7358 Haustmesse | 15 797,03 | 15 000,00 | 6 902,00 | 10 000,00 | |
| 7359 Kurs | 8 180,00 | 10 000,00 | 1 770,00 | 10 000,00 | |
| 7360 Bønnekonferanse | 11 330,00 | 10 000,00 | 12 422,50 | 12 000,00 | |
| 7361 Barnelag | 3 472,31 | 5 000,00 | 15 980,95 | 16 000,00 | |
| 7362 Aktiv | 3 558,43 | 25 000,00 | 4 000,00 | 50 000,00 | * |
| 7363 Herrenes Aften | 22 691,06 | 25 000,00 | 0,00 | 25 000,00 | |
| 7364 Konsert | 1 299,00 | 2 000,00 | 20 200,00 | 10 000,00 | |
| 7365 Søndagsskulen | 5 513,86 | 8 000,00 | 16 147,00 | 10 000,00 | |
| 7366 Connect | 18 731,80 | 25 000,00 | 0,00 | 25 000,00 | |
| 7500 Forsikring | 54156 | 59000 | 58298 | 65 000,00 | |
| 7720 Bankgebyrer | 998 | 1000 | 969 | 1 000,00 | |
| 7730 Nattsafegebyr | 1462,5 | 8000 | 11114,41 | 5 000,00 | * |
| 7790 Diverse kostnader | 5230 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | |
| SUM DRIFTSKOSTNAD | 477 799,05 | 595 000,00 | 445 945,77 | 596 000,00 | |

| | Res-2023 | Bud-2024 | Res-2024 | Bud-2025 | Note |
|--------------------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|-------------------|------|
| BYGGEKOSTNADER | | | | | |
| 8420 Nedbetaling lån | 323 236,00 | 623 000,00 | 623 236,00 | 323 236,00 | * |
| SUM BYGGEKOSTNADER | 323 236,00 | 623 000,00 | 623 236,00 | 323 236,00 | |
| FINANSINNTEKT- OG KOSTNAD | | | | | |
| 8550 Renteinntekter | -14 191,00 | -7 000,00 | -8 570,00 | -7 000,00 | * |
| 8750 Rentekostnader | 170 089,00 | 147 000,00 | 146 715,09 | 110 000,00 | * |
| SUM FINANSINNTEKT- OG KOSTNAD | 155 898,00 | 140 000,00 | 138 145,09 | 103 000,00 | |
| RESULTAT | -186 601,50 | -460 000,00 | -337 890,80 | -77 236,00 | |

Noter og kommentarar til rekneskap og budsjett

I budsjettet for 2025 er det i stor grad lagt inn arrangement og aktivitetsnivå som i 2024.

Note 3210

Resultat 2024: 512.000. Resultat tidlegare år 607.000 (2020), 626.000 (2021), 592.000 (2022) og 577.000 (2023). Vesentleg nedgang.

Budsjett 2025: Vert budsjettert med 5% auke frå 2024, i tråd med forventa lønns- og prisvekst.

Kommentar for spesielt interesserte:

Ein får skattefrådrag for inntil 25.000kr i gåve til frivillige organisasjonar, noko som og omfattar gåver til Salem Moster via ImF. Om ein ikkje allereie har nådd den grensa (som gjeld for kvar enkelt skatteytar i husstanden) betyr det at ein får attende 220kr for kvar tusenlapp ein gir i gåve, eller sagt på ein annan måte: Det kostar berre 9360kr å gi 12000kr i gåve til Salem.

Om du framleis heng med; ein får skattefrådrag for eigne renteutgifter. Det får ikkje Salem. Det betyr at om ein «overtak» til dømes 12000kr av lånet til Salem ved å gi 12000kr ekstra, så sparar Salem ca. 600kr i rente per år (antar 5% rente) medan du får skattelette på renteutgifta - som difor for deg berre utgjør ca 470kr etter skattefrådrag.

Med ca 5 år igjen å betale på lånet vil ei ekstragåve til Salem på 12000kr i år vera verdt ca. 15000kr for Salem, medan det kostar ca 11200kr å gi gáva. (Du gir 12000kr, får skattelette på 2640kr, betalar ca.5% av 9360kr i rente i 5 år, men får 22% av det attende som skattelette). Så om du vi «investere» i Salem og tenker at Salem er «ditt» (og det er det jo) ja då gir det god avkastning, også økonomisk.

Note 3230/6200

Resultat 2024: Me mottok straumstøtte for deler av året i 2024.

Budsjett 2025: Det vert budsjettert med moderat straumstøtte (men for heile 2025) då dette er ei uforutsigbar ordning.

Note 3240

Resultat 2024: Posten inneholdt støtte til trussamfunn, kundeutbytte frå Sparebanken Vest og frå Finnås Kraftlag, samt gåvetildeling frå Finnås Kraftlag.

Note 3241

Budsjett 2025: Det vert forutsett tilsvarende ordning og grad av kompensasjon i 2025 som for 2024.

Note 3905/3930

Resultat 2024: Kollektar til Salem vart litt over budsjett for 2024. Kollektar overført til andre (samla, inkludert IMS), vart litt under budsjett, og kollektar samla ca 10.000,- under budsjett.

Budsjett 2025: Det vert budsjettert med kollektar tilsvarende som Budsjett for 2024.

Note 5010

Resultat 2024: Det vart budsjettert med administrativ arbeidar i 20% stilling gjennom heile året, og vidareføring av noverande engasjement for musikalsk leiar gjennom heile året. I tillegg vart budsjettert med vidareføring av avtale med Serina Nøstbakken i 10% stilling ut året. Resultatet vart under budsjett primært grunna redusert varighet i engasjement for administrativ leiar og Serina Nøstbakken, samt noko mindre utgifter enn budsjettert til musikalsk leiar.

Budsjett 2025: Det vert budsjettert med administrativ arbeidar i 20% stilling gjennom heile året, og vidareføring av noverande engasjement for musikalsk leiar gjennom heile året.

Det er lagt til forventta tariff-festa lønnsauke frå midt i året.

Note 6320

Budsjett 2025: Årlege utgifter varierer noko, budsjett er ihht resultat 2024.

Note 6550

Resultat 2024: Var budsjettert med ny varmpumpe som ikkje vart kjøpt.

Budsjett 2025: Det vert budsjettert med 20.000,- til uforutsette utgifter (Men ny varmpumpe i kjellaren vil kunne bli behov).

Note 7362

Resultat 2024: Det var sett av midlar til fornyingsprosjekt i kjellaren – som ikkje vart gjennomført.

Budsjett 2025: Midlar budsjettert for 2024 vert overført til 2025 saman med nye midlar for 2025.

Note 7730

Budsjett 2025: Løysning for kontantlevering hos bank vart avslutta siste del av 2023. For vidare er dette ei teneste me no kjøper frå Nokas. Dette kosta over 10.000,- i 2024. Me budsjetterer med avvikling av ordninga i løpet av 2025. Dette inneber at me og avviklar formell handtering av kontantbetaling.

Note 8420/8550/8750

Budsjett 2025: Lånet som vart etablert ved bygging av bedehuset Salem er eit serielån med lineær avdragsprofil, og avtalt nedbetalingsbeløp vert uendra også for 2025. Me har ved utgangen av 2024 ca 430.000,- i bankinnskott. Dette er passeleg for å og ha tilstrekkeleg bankinnskott på det tidspunktet

der me har minst pengar på bok (normalt like før haustmessa). Styret vurderer det slik at det ikkje er rom for ekstra nedbetaling på lånet dette året.

Balanse 2024

| BALANSE 2024 | |
|------------------------------------|----------------------|
| Moster Indremisjon | 31.12.2024 |
| | <u>2024</u> |
| <u>EIENDELER</u> | |
| 1200 Aksjer Sunnbok AS | 30.000,00 |
| 1500 Fordringer | 10.352,80 |
| 1600 Salem bedehus | 1.581.168,00 |
| 1950 Driftskonto | 168.524,71 |
| 1970 Lånekonto | 45.492,21 |
| 1975 Høyrentekonto | 205.046,58 |
| 1980 Medlemskontingentkonto | 10.725,63 |
| SUM EIENDELER | 2.051.309,93 |
| <u>EGENKAPITAL OG GJELD</u> | |
| 2000 Egenkapital | 468.101,00- |
| 2240 Pantelån | 1.581.168,00- |
| 2400 Leverandørgjeld | 2.040,93- |
| SUM EGENKAPITAL OG GJELD | 2.051.309,93- |

Revisorane si godkjenning

Revisjonsberetning for Salem Bedehus, Mosterhamn
Gjelder for regnskapsåret 2024

Innledning:

Oppdraget går ut på å kontrollere regnskapet. Det er styret som har ansvar for regnskapet og økonomien og det er revisors ansvar å vurdere om regnskapet gir et riktig bilde.

Revisjonsvurdering:

1. Regnskapet er ført i samsvar med god regnskapsskikk og vanlige standarder.
2. Inntekter og gaver er ført korrekt (stikkprøvekontroll)
3. Utgiftene er nødvendige i samsvar med bedehusets formål.
4. Det er ingen store poster som krever styrebehandling
5. Det ses ingen mistenkelige transaksjoner (stikkprøvekontroll)

Regnskapet er oversiktlig som tidligere år og jeg ser ingen ting i regnskapsførselen som er galt.

Konklusjon:

Regnskapet gir et rettviseende bilde av den økonomiske situasjonen.

Anbefalinger:

Det anbefales at det blir sett på kontanthåndteringen. Det er betalt 11.100,- i nattsafehonorar i 2024. Det er et høyt beløp i forhold til det som kommer inn av kontanter. Det finnes løsninger som er gratis.

Mosterhamn, 2. februar

Revidert av :

Hans Ola Røksund

Framlegg om kandidatar til val på årsmøtet, Sak 8

Etter gjeldande lov for Moster Indremisjon skal det vere 5 medlemmar i styret i tillegg til formann. Vanleg valperiode er 2 år. Formann veljast for eitt år av årsmøtet i eige val. Det skal og veljast 3 vararepresentantar for eitt år.

Desse har vore valnemnd siste året: Lars Espeland(leiar), Eva Gjerde Schmidt og Oddgeir Esperø.

Desse er valde i styret for eitt år til:

Ingvil Aase Manangi

Christian Kallevåg-Bjerke

Valnemnda sine kandidatar til styret:

Jakob Andre Vedøy (attval)

Siv Irene Evjen

Harald Thuestad

Valnemnda sine kandidatar til vararepresentantar:

(1.vara, veljast for 1 år) **Petter Michaelsen**

(2.vara, veljast for 1 år) **Torbjørn Steinsland**

(3.vara, veljast for 1 år)